



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 979 495 358  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: TYSNES FJORDBRUK AS  
Forretningsadresse: Flakkavågsvegen 12  
5694 ONARHEIM

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Helge M. Nesse  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.06.2023

### Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 09.08.2023



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt		29 706 770	937 916 036
Andre driftsinntekter	1	240 864 100	
<b>Sum inntekter</b>		<b>270 570 870</b>	<b>937 916 036</b>
<b>Kostnader</b>			
Endring i beholdning av varer under tilvirkning og ferdig tilvirkede varer		-462 167 000	394 931 000
Varekostnad	1	479 259 720	250 555 968
Lønnskostnad	3	18 667 174	16 612 641
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	4	16 572 497	16 938 285
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4		
Andre driftskostnader	1, 3	55 327 288	128 873 498
<b>Sum kostnader</b>		<b>107 659 679</b>	<b>807 911 392</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>162 911 192</b>	<b>130 004 644</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		1 944 755	1 803 276
Anna finansinntekt		1 654	2 465
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 946 409</b>	<b>1 805 741</b>
Annen rentekostnad		4 027 325	1 851 069
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>4 027 325</b>	<b>1 851 069</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-2 080 916</b>	<b>-45 328</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>160 830 276</b>	<b>129 959 317</b>
Skattekostnad på resultat	5	35 409 362	28 648 929
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>125 420 914</b>	<b>101 310 388</b>
Skattekostnad på ekstraordinært resultat	5		
<b>Årsresultat</b>		<b>125 420 914</b>	<b>101 310 388</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>125 420 914</b>	<b>101 310 388</b>



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>Totalresultat</b>		<b>125 420 914</b>	<b>101 310 388</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Overført frå fond for vurderingsforskjellar	6		
Konsernbidrag			156 000 000
Avsett til annan eigenkapital	6	125 420 914	
Overført frå annan eigenkapital			-54 689 612
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>125 420 914</b>	<b>101 310 388</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Konsesjoner, patentar o.l.	4, 7	18 340 000	18 340 000
Utsatt skattefordel	5		
Goodwill	4, 7		
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>18 340 000</b>	<b>18 340 000</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygningar og anna fast eiendom	4, 7		
Oppdrettsutstyr	4, 7	62 861 000	93 426 760
Båtar	4, 7	269 500	12 208 200
Driftsløysøre, inventar o.l.	4, 7	46 800	19 200
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>63 177 300</b>	<b>105 654 160</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		2 500	2 500
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>2 500</b>	<b>2 500</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>81 519 800</b>	<b>123 996 660</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	7, 8	<b>476 699 000</b>	
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringar	7, 9	231 022 791	11 611 881
Andre fordringar	9	59 210 230	3 490 041
Konsernfordringer	9		359 330 477
<b>Sum fordringar</b>		<b>290 233 021</b>	<b>374 432 400</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskott, kontantar o.l.	3	945 180	597 256
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>945 180</b>	<b>597 256</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>767 877 200</b>	<b>375 029 656</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>849 397 000</b>	<b>499 026 316</b>
<b>BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	6, 10	5 050 000	5 050 000
Overkurs	6	3 000 000	3 000 000
Annen innskutt egenkapital	6	107 551 568	107 551 568
<b>Sum innskutt egenkapital</b>	<b>6</b>	<b>115 601 568</b>	<b>115 601 568</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Fond for vurderingsforskjellar	6		
Annan egenkapital	6	148 744 663	23 323 749
Udekket tap	6		
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>148 744 663</b>	<b>23 323 749</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>6</b>	<b>264 346 231</b>	<b>138 925 317</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsatt skatt	5	83 261 963	8 252 601
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>83 261 963</b>	<b>8 252 601</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	7, 11	2 024 614	2 932 673
Øvrig langsiktig gjeld	7, 9		
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>2 024 614</b>	<b>2 932 673</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>85 286 577</b>	<b>11 185 274</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11		
Leverandørgjeld	9	136 944 924	87 411 639
Betalbar skatt	5		52 553 742
Skuldige offentlege avgifter		1 302 099	735 944
Kortsiktig konserngjeld	7, 9	359 635 036	



## Balanse


<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Anna kortsiktig gjeld	9	1 882 134	208 214 399
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>499 764 193</b>	<b>348 915 725</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>585 050 770</b>	<b>360 100 999</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>849 397 000</b>	<b>499 026 316</b>



# 2022

Å  
R  
S  
R  
E  
K  
N  
E  
S  
K  
A  
P

## Tysnes Fjordbruk AS



lokalitet Ystanes

Alsaker  Fjordbruk



## Årsmelding 2022

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Verksemda

Tysnes Fjordbruk AS driv med matfiskoppdrett av laks. Produksjonen av laks skjer på lokalitetar i Tysnes og Kvinnherad kommune i Hordaland. Hovudadministrasjonen for selskapet ligg på Onarheim i Tysnes kommune i Sunnhordland.

#### Resultat og drift for 2022

Tysnes Fjordbruk AS fekk eit resultat før skatt på kr 160,8 millionar. Dette er ein betydeleg auke samanlikna med 2021, noko som i stor grad skuldast høgare lakseprisar.

Produksjonen har i all hovudsak gått i samsvar med planar. Tysnes Fjordbruk AS har lagt ned mykje arbeid i oppfølging av lakselus. Nivået av lakselus har gjennom heile 2022 lege under gjeldande krav sett av styresmaktene.

Produksjonskapasiteten pr konsesjon blir i dag regulert ut frå ei ordning med maksimal tillatt biomasse (MTB). Dette gir ein fleksibilitet for konsernet, som er viktig i vårt arbeid med mellom anna å styrke fiskehelsa.

I Hordaland er matfiskproduksjonen fordelt på 7 ulike sonar for brakklegging. Alle lokalitetane til Tysnes Fjordbruk AS er innanfor den eine sonen.

Ein har i selskapet framleis sterk fokus på effektiv drift og kostnadskontroll.

#### Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

#### Arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i selskapet, både i samband med planlegging av investeringar og i den daglege drifta. Det er lagt vekt på å investere i anlegg, flåtar og båtar som lettar og tryggar arbeidet for dei tilsette. Mange av flåtane har eigne bustader med gode fasilitetar.

Sjukefråvær:

Tysnes Fjordbruk AS	2022	2021
Korttidssjukefråvær	3,1 %	4,0 %
Langtidssjukefråvær	1,4 %	4,0 %
<b>Sum sjukefråvær</b>	<b>4,5 %</b>	<b>8,0 %</b>

Det har ikkje vore arbeidsulykker med alvorleg personskade ved selskapet sine arbeidsplassar dette året.



## Årsmelding 2022

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Ytre miljø og berekraft

Drifta i Tysnes Fjordbruk har i 2022 vore i samsvar med dei løyva som er gitt frå myndigheitene. Selskapet sin aktivitet er direkte knytt til dei naturgjevne forholda i området der ein er lokalisert.

På 4 av matfisklokalitetane til Tysnes Fjordbruk er det installert hybridanlegg. Desse halverer dieselforbruket på anlegget, og gjev stor reduksjon i utslepp og støy.

#### Likestilling

Av selskapet sine 28 tilsette er det 3 kvinner. Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, t.d. i saker som gjeld tilsetjing, lønn, avansment og rekruttering. Styret er sett saman av 3 medlemmer (menn).

Selskapet har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Alsaker-konsernet, som selskapet er ei del av, har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.

#### Openheitslova

Tysnes Fjordbruk AS er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022. Det blir arbeid med implementering som inkluderer kartlegging av verdikjeder og prosesser rundt handtering av tredjepartar. I tråd med krava vil det bli offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane innan 30.06.2023. Dette blir gjort gjennom publisering på vår heimeside [www.alsaker.no](http://www.alsaker.no).

#### Forsikring for styre og leiande tilsette

Det er teikna ordinær forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvar som dei kan pådrag seg i samband med utføring av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

#### Forskning og utvikling

Selskapet har, til liks med dei øvrige selskapa i konsernet, ei høg innovasjonstakt.



## Årsmelding 2022

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Finansiell risiko

##### Marknads- og valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovudvalutaen er euro.

I tillegg er selskapet eksponert mot endringar i rentenivået då all gjeld p.t. har flytande rente.

##### Kredittrisiko

Historisk har selskapet hatt lite tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker-konsernet, som Tysnes Fjordbruk AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

##### Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje beslutta å innføre tiltak som endrer likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringar vil, så langt råd, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Konsernet har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid. Selskapet tek del i Alsaker AS si konsernkontoordning.

##### Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga viser kr -591 millionar frå operasjonelle aktivitetar. Den viktigaste årsaka til dette er at varelageret i sjø har auka frå kr 0 til kr 477 millionar.

#### Omstrukturering

Som ledd i ei større reorganisering i konsernet, har Tysnes Fjordbruk AS selt driftsmidlar til søsterselskapet Fjordbruk Service Holding AS i 2022. Alle transaksjonar er gjennomførte til marknadsvardi. Det er i samband med sala inngått leigeavtalar for dei driftsmidlane selskapet har behov for i verksemda si.

#### Forslag til disponering av resultat

Styret meiner at den avlagte rekneskapan gjev eit rettvisebilde av den økonomiske stillinga for Tysnes Fjordbruk AS, og føreslår at overskotet på kr 125 420 914 blir disponert på følgjande måte:

Tysnes Fjordbruk AS	2022
Overført frå annan eigenkapital	0
Avsett til konsernbidrag	0
Avsett til annan eigenkapital	125 420 914
<b>Sum disponert</b>	<b>125 420 914</b>



## Årsmelding 2022

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Drift hittil i 2023, samt utsiktene framover

Første del av 2023 har stort sett gått som planlagt for selskapet. Sjøtemperaturen denne vinteren har vore relativt god. Samla har dette gitt føring og tilvekst i tråd med det som er normalt for årstida.

#### Andre forhold

Med verknad frå 01.01.2023 innførte norske myndigheiter grunnrenteskatt på havbruk. Grunnrenteskattesatsen vart sett til 25% etter stortingsbehandling 31.05.2023. Skatten er gjort gjeldande for inntekter i sjøfasa, for selskap som eig ordinære matfiskløyver. Frådragsberettiga kostnadar er knytt til havbruksproduksjonen, som til dømes kjøp av settefisk, fôr, røktung, behandling, administrasjon m.m. Stortinget vedtek årleg eit botnfrådrag, som i konsern skal fordelast forholdsmessig mellom dotterselskap ut i frå MTB.

Styret vil presisere at det er knytt usikkerheit til vurderingar om framtidige forhold.

Styret vil til slutt takke dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 15. juni 2023

Gerhard Meidell Alsaker  
(styreleiar)

Helge M. Nesse  
(styremedlem)

Hans Helge Vik  
(styremedlem, dagleg leiar)



<b>Resultatrekneskap</b>			
Tysnes Fjordbruk AS			
	Note	2022	2021
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Salgsinntekt		29 706 770	937 916 036
Andre driftsinntekter	1	240 864 100	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>270 570 870</b>	<b>937 916 036</b>
Beholdningsendring		-462 167 000	394 931 000
Varekostnad	1	479 259 720	250 555 968
Lønnskostnad	3	18 667 174	16 612 641
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	4	16 572 497	16 938 285
Andre driftskostnader	1, 3	55 327 288	128 873 498
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>107 659 679</b>	<b>807 911 392</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b><u>162 911 192</u></b>	<b><u>130 004 644</u></b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Anna renteinntekt		1 944 755	1 803 276
Anna finansinntekt		1 654	2 465
Annan rentekostnad		4 027 325	1 851 069
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-2 080 916</b>	<b>-45 328</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b><u>160 830 276</u></b>	<b><u>129 959 317</u></b>
Skattekostnad på resultat	5	35 409 362	28 648 929
<b>Resultat</b>		<b><u>125 420 914</u></b>	<b><u>101 310 388</u></b>
<b>Årsoverskot (Årsunderskot)</b>		<b><u>125 420 914</u></b>	<b><u>101 310 388</u></b>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Avsett konsernbidrag		0	156 000 000
Avsett til annan egenkapital	6	125 420 914	0
Overført frå annan egenkapital		0	-54 689 612
<b>Sum overføringar</b>		<b><u>125 420 914</u></b>	<b><u>101 310 388</u></b>
Tysnes Fjordbruk AS		Side 1	



<b>Balanse</b>			
Tysnes Fjordbruk AS			
<b>EIGEDELAR</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>Immaterielle egedelar:</b>			
Konsesjoner, patentar o.l.	4, 7	18 340 000	18 340 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>18 340 000</b>	<b>18 340 000</b>
<b>Varige driftsmidler:</b>			
Oppdrettsutstyr	4, 7	62 861 000	93 426 760
Båtar	4, 7	269 500	12 208 200
Driftsløysøre, inventar o.l.	4, 7	46 800	19 200
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>63 177 300</b>	<b>105 654 160</b>
<b>Finansielle driftsmidler:</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		2 500	2 500
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>2 500</b>	<b>2 500</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b><u>81 519 800</u></b>	<b><u>123 996 660</u></b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
<b>Varer</b>	<b>7, 8</b>	<b>476 699 000</b>	<b>0</b>
<b>Fordringar:</b>			
Kundefordringar	7, 9	231 022 791	11 611 881
Andre fordringar	9	59 210 230	3 490 041
Innskot konsernkonto-ordning	9	0	359 330 477
<b>Sum fordringar</b>		<b><u>290 233 021</u></b>	<b><u>374 432 400</u></b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>	<b>3</b>	<b>945 180</b>	<b>597 256</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b><u>767 877 200</u></b>	<b><u>375 029 656</u></b>
<b>Sum egedelar</b>		<b><u>849 397 000</u></b>	<b><u>499 026 316</u></b>
Tysnes Fjordbruk AS		Side 2	



<b>Balanse</b>			
Tysnes Fjordbruk AS			
EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2022	2021
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten egenkapital:</b>			
Aksjekapital	6, 10	5 050 000	5 050 000
Overkurs	6	3 000 000	3 000 000
Innskoten annan egenkapital	6	107 551 568	107 551 568
<b>Sum innskoten egenkapital</b>	<b>6</b>	<b>115 601 568</b>	<b>115 601 568</b>
<b>Opptent egenkapital:</b>			
Annan egenkapital	6	148 744 663	23 323 749
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>148 744 663</b>	<b>23 323 749</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>6</b>	<b>264 346 231</b>	<b>138 925 317</b>
<b>GJELD</b>			
<b>Avsetning for forpliktingar:</b>			
Utsett skatt	5	83 261 963	8 252 601
<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>83 261 963</b>	<b>8 252 601</b>
<b>Anna langsiktig gjeld:</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 11	2 024 614	2 932 673
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>2 024 614</b>	<b>2 932 673</b>
<b>Kortsiktig gjeld:</b>			
Gjeld konsernkonto-ordning	7, 9	359 635 036	0
Leverandørgjeld	9	136 944 924	87 411 639
Betalbar skatt	5	0	52 553 742
Skuldige offentlege avgifter		1 302 099	735 944
Anna kortsiktig gjeld	9	1 882 134	208 214 399
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>499 764 193</b>	<b>348 915 725</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>585 050 770</b>	<b>360 100 999</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>849 397 000</b>	<b>499 026 316</b>
Onarheim, 15.06.2023			
Styret i Tysnes Fjordbruk AS			
 Gerhard Meidell Alsaker (styreleiar)	 Helge M. Nesse (styremedlem)	 Hans Helge Vik (styremedlem, dagleg leiar)	
Tysnes Fjordbruk AS			Side 3



<b>Kontantstrømoppstilling</b>			
Tysnes Fjordbruk AS			
	Note	2022	2021
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:</b>			
	Resultat før skattekostnad	160 830 276	129 959 317
-	Betalt skatt i perioden	-52 553 742	0
+/-	Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler	-47 543 100	0
+	Ordinære avskrivningar	16 572 497	16 938 285
+/-	Endring i varelager	-476 699 000	402 817 000
+/-	Endring i kundefordringar	-219 410 910	50 391 055
+/-	Endring i leverandørgjeld	49 533 284	-13 493 523
+/-	Endring i andre tidsavgrensningsposter	-21 886 298	36 539 322
=	<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b><u>-591 156 993</u></b>	<b><u>623 151 455</u></b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:</b>			
+	Innbetalningar ved salg av varige driftsmidler	84 590 000	0
-	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidler	-11 142 537	-9 216 785
=	<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b><u>73 447 463</u></b>	<b><u>-9 216 785</u></b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:</b>			
-	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-908 059	-1 546 685
+/-	Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordning	718 965 513	-667 518 911
+	Innbetalningar av konsernbidrag	0	55 000 000
-	Utbetalningar av konsernbidrag	-200 000 000	0
=	<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b><u>518 057 454</u></b>	<b><u>-614 065 596</u></b>
=	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	347 924	-130 926
+	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 01.01.	597 256	728 182
=	<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 31.12.</b>	<b><u>945 180</u></b>	<b><u>597 256</u></b>



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### **Rekneskapsprinsipp**

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.

#### **Driftsinntekter og -kostnader**

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

#### **Klassifisering**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

#### **Varige driftsmidlar og avskrivningar**

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

#### **Leasing**

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtale. Dersom hovuddelen av den økonomiske risiko og kontroll knytt til leigeobjektet er gått over på leigetakar, vert avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmidlar i leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmidlar. Avdragsdelen av leigeforpliktinga blir vist som langsiktig gjeld. Denne gjelda blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

#### **Konsesjonar og goodwill**

Konsesjonar i balansen representerer erverva konsesjonar gjennom oppkjøp. I tillegg er det for alle konsesjonar som ikkje er erverva, gjort rekneskapsmessig oppskrivning i 1998. I Norge er det ingen tidsbegrensingar på konsesjonar. Ordinære avskrivningar på konsesjonar blir såleis ikkje gjennomført.

Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemd utover verdien av konsesjon. Ut frå ein vurdering av levetid for goodwill, som mellom anna representerer verdien på selskapet sine lokalitetar, samt synergigevinstar og stordriftsfordelar i konsernet, blir goodwill avskrive over maksimalt 10 år. I Tysnes Fjordbruk AS er all goodwill nettoført.

#### **Varebeholdning**

Behaldning av fisk i sjø er vurdert til den lågaste av full tilverknadskost og forventa salspris. Innkjøpte råvarer er vurdert til innkjøpspris. Til grunn for full tilverknadskost vert nytta gjennomsnittleg tilverknadskostnad for alle selskap i konsernet.

#### **Fordringar**

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### **Valutarisiko**

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i NOK. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovedvalutaen er euro.

#### **Skattekostnad og utsett skatt**

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapsskikk.

#### **Kontantstraumanalyse**

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

#### **Morselskap**

Morselskap til Tysnes Fjordbruk AS er Alsaker Fjordbruk AS på Onarheim i Tysnes kommune. Tysnes Fjordbruk AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Note 1 - Transaksjonar med nærstående partar

##### Sal av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2022	2021
Selskap i Alsaker-konsernet	Leigeinntekt MTB, prod avg	194 376 403	0
Selskap i Alsaker-konsernet	Salg av anleggsmidler	84 590 000	0
Selskap i Meidell-konsernet	Arbeidstimar salg	220 988	209 076
<b>Sum salg av varer og tenester</b>		<b>279 187 391</b>	<b>209 076</b>

Selskapet sel delar av sitt volum av laks til Ocean Supreme AS. Holdingselskapet Ocean Supreme Holding er eigd 32,2% av Alsaker Fjordbruk AS. All handel skjer til gjeldande marknadspris.

##### Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2022	2021
Morselskap	Kjøp av administrative tenester	13 160 959	5 764 566
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige MTB	0	73 271 000
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av smolt	130 270 600	0
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av rensefisk (rognkjeks)	2 765 260	3 051 960
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av pakketenester	1 466 277	48 166 741
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt mv	50 307 077	74 758 480
Selskap i Meidell-konsernet	Arbeidstimer	913 830	346 133
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikehaldstenester, varer	4 515 995	4 199 116
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av anleggsmidler	12 740	0
Selskap i Meidell-konsernet	Leige av eigedom	1 434 579	1 208 950
<b>Sum kjøp av varer og tenester</b>		<b>204 847 317</b>	<b>210 766 946</b>

#### Note 2 - FoU-aktivitet

	2022	2021
Skattefunn	0	0
SkatteFUNN endring tidlegare år	0	4 966
<b>Sum skattefunn</b>	<b>0</b>	<b>4 966</b>

Selskapet har ingen pågåande SkatteFUNN-prosjekt.



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### **Note 3 - Lønnskostnad, antall tilsette, godtgjersle, lån til tilsette mm**

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønnskostnader	2022	2021
Lønningar	15 871 014	14 209 476
Arbeidsgjeveravgift	1 673 830	1 547 056
Pensjonskostnader (OTP)	463 643	335 428
Andre ytingar	658 687	520 680
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>18 667 174</b>	<b>16 612 641</b>

Gjennomsnittleg antal årsverk: 22,1 20,4

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	0	0
Pensjonsutgifter	0	0
Andre ytingar	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Det er ikkje ytt øvrige lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjonar m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forplikningar knytt til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller sal av aksjar eller grunnfondsbevis.

#### **Revisor**

Tekst	2022	2021
Lovpålagt revisjon	47 500	40 000
Andre rådgivingstenester	0	0
<b>Sum</b>	<b>47 500</b>	<b>40 000</b>

#### **Obligatorisk tenestepensjon (OTP)**

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet har ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette i selskapet, som oppfyller krava etter denne lova.

#### **Bundne skattetrekksmidlar:**

Tekst	2022	2021
Skattetrekkkonto pr 31.12.	945 180	597 215



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Note 4 - Spesifikasjon av anleggsmidler

##### Immaterielle egedelar:

Tekst	Konsesjonar	Goodwill	SUM
Anskaffelsekost 01.01	18 340 000	4 000 000	22 340 000
+ Tilgong i året	0	0	0
- Avgong i året	0	0	0
= Anskaffelsekost 31.12	18 340 000	4 000 000	22 340 000
- Samla av- og nedskrivning	0	4 000 000	4 000 000
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>18 340 000</b>	<b>0</b>	<b>18 340 000</b>
Ordinære av- og nedskrivningar i år			0
Økonomisk levetid		ca 10 år	
Avskrivingsplan		Lineær	

##### Varige driftsmidler:

Tekst	Oppdretts- utstyr	Båtar	Driftsløysøre, inventar o.l.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	260 799 880	17 841 272	217 919	278 859 071
+ Tilgong i året	11 101 983	0	40 554	11 142 538
- Avgong i året	49 434 834	14 665 655	0	64 100 489
= Anskaffelsekost 31.12	222 467 028	3 175 618	258 473	225 901 120
- Samla av- og nedskrivning	159 606 028	2 906 118	211 673	162 723 819
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>62 861 000</b>	<b>269 500</b>	<b>46 800</b>	<b>63 177 300</b>
Ordinære av- og nedskrivningar i år	15 736 543	823 000	12 954	16 572 497
Økonomisk levetid	3-20 år	15-20 år	3-10 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Som ledd i ei større reorganisering i konsernet, har selskapet selt driftsmidler til søsterselskapet Fjordbruk Service Holding AS i 2022. Alle transaksjonar er gjennomførte til marknadsverdi. Det er i samband med sala inngått leigeavtalar for dei driftsmidlane selskapet har behov for i verksemda si.



# Noter

## Tysnes Fjordbruk AS

### Note 5 - Skatt

#### Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2022	2021
Betalbar skatt	0	52 553 742
Skatteeffekten av avgitt konsernbidrag	-39 600 000	44 000 000
Endring utsett skatt/skattefordel	75 009 362	-67 904 813
<b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>35 409 362</b>	<b>28 648 929</b>
Effektiv skattesats med skattesats 22%	22,0 %	22,0 %

#### Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2022	2021
Ordinært resultat før skatt	160 830 276	129 959 317
Endring i midlertidige forskjellar	-477 478 871	395 356 838
Andre permanente forskjellar	121 371	263 087
Endring i framførbart underskot	136 527 225	-86 698 597
Avgitt konsernbidrag med skatteeffekt	0	-200 000 000
Mottatt konsernbidrag	180 000 000	0
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>0</b>	<b>238 880 645</b>

#### Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2022	2021
Betalbar skatt på resultat i år	0	52 553 742
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	<b>0</b>	<b>52 553 742</b>

#### Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2022	2021	Endring
Varelager	462 167 000	0	-462 167 000
Varige driftsmidler	2 861 561	26 705 372	23 843 811
Gevinst- og tapskonto	41 591 945	107 522	-41 484 423
Balanseførte leasingavtalar	8 370 186	10 698 927	2 328 741
Framførbart underskot	-136 527 225	0	136 527 225
<b>SUM</b>	<b>378 463 467</b>	<b>37 511 820</b>	<b>-340 951 646</b>
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
<b>Utsett skatt</b>	<b>83 261 963</b>	<b>8 252 600</b>	<b>-75 009 362</b>



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Note 6 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Innskoten annan egenk.	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.	5 050 000	3 000 000	107 551 568	23 323 749	138 925 317
Endring frå resultat i år				125 420 914	125 420 914
<b>Eigenkapital 31.12.</b>	<b>5 050 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>107 551 568</b>	<b>148 744 663</b>	<b>264 346 231</b>

#### Note 7 - Pantestillingar

##### Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2022	2021
Gjeld til kredittinstitusjonar	2 024 614	2 932 673
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Gjeld konsernkonto-ordning	359 635 036	0
<b>Sum</b>	<b>361 659 650</b>	<b>2 932 673</b>

##### Bokført verdi av eigedelar stilt som sikkerheit for pantesikra gjeld:

	2022	2021
Konsesjonar	18 340 000	18 340 000
Varige driftsmidlar	63 177 300	105 654 160
Varer	476 699 000	0
Kundefordringar	37 570 236	11 402 805
<b>Sum</b>	<b>595 786 536</b>	<b>135 396 965</b>

Tysnes Fjordbruk AS deltar som underkontoinnehavar i Alsaker AS sin konsernkonto-ordning. Underkontoinnehavar kausjonerer som solidarisk sjølvskyldnarkausjonist for dei forplikingar som Alsaker AS har til ei kvar tid.

#### Note 8 - Varer

Tekst	2022	2021
Råvarer	14 532 000	0
Varer under tilverknad	462 167 000	0
Ferdigvarer	0	0
<b>Sum</b>	<b>476 699 000</b>	<b>0</b>



## Noter

### Tysnes Fjordbruk AS

#### Note 9 - Mellomverande med selskap i same konsern m.v.

##### Fordringar på selskap i same konsern:

	2022	2021
Kundefordringar	193 452 555	209 076
Andre fordringar	176 890	239 390
Konsernbidrag (sirkel) nettoført	39 600 000	0
Innskot konsernkontoordning	0	359 330 477
<b>Sum</b>	<b>233 229 445</b>	<b>359 539 553</b>

##### Gjeld til selskap i same konsern:

	2022	2021
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Gjeld konsernkonto-ordning	359 635 036	0
Leverandørgjeld	37 091 665	85 217 947
Anna kortsiktig gjeld	0	200 000 000
<b>Sum</b>	<b>396 726 701</b>	<b>285 217 947</b>

#### Note 10 – Antal aksjar, eigarstruktur m.m.

##### Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antal aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	5 050	1.000	5 050 000

##### Eigarstruktur:

Namn	Antal aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker Fjordbruk AS	5 050	100 %	100 %

Styreleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer indirekte 100 % av aksjane i Tysnes Fjordbruk AS.

#### Note 11 – Forfallsstruktur langsiktig gjeld

	2023	2024	2025	2026	2027	Etter 2027	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	911 605	507 351	435 000	170 658		0	2 024 614
Øvrig langsiktig gjeld	0	0	0			0	0
<b>Sum</b>	<b>911 605</b>	<b>507 351</b>	<b>435 000</b>	<b>170 658</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 024 614</b>

Gjeld til kredittinstitusjonar er gjeld knytt til balanseførte leasingavtalar.



Til generalforsamlinga i Tysnes Fjordbruk AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes Fjordbruk AS som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen  
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)  
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap




Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 20. juni 2023  
**PricewaterhouseCoopers AS**

  
Ole Martin Waage  
Statsautorisert revisor